

# DETALJREGULERING FOR DIGERNES II

---

## Planomtale



## INNHALD

---

Detaljregulering for Digernes II .....	1
1. Bakgrunn .....	3
2. Planstatus .....	4
3. planprosess .....	5
3.1 Innkomne Innspel.....	5
4. Planområdet i dag .....	13
4.1 Avgrensing .....	16
4.2 Stadens karakter .....	16
4.3 Naturmangfaldet.....	17
4.4 Kulturminne og kulturmiljø .....	18
4.5 Friluftsliv.....	18
5. Beskrivelse av planforslaget .....	18
Arealformål .....	19
6. Konsekvensar av planforslaget.....	21
Eksisterande bebyggelse.....	21
Landskap og topografi .....	22
Biologisk mangfald .....	22
Friluftsliv.....	23
Den trafikale situasjonen.....	23
Teknisk infrastruktur .....	23
Barn og unge .....	23
Risiko og sårbarhet .....	24
Forslagstillar sin faglege grunngjevnad.....	24


## 1. BAKGRUNN

---

Utgangspunktet for reguleringsplanen er ønske frå grunneigar om å oppgradere dagens hyttefelt til høgstandard, samt fortetting.

I planen leggast det til rette for tre nye tomter og ny vegtrase. Vegen leggast slik at den kan dimensjonerast etter landbruksveg klasse 3.

Tiltakshavar er Lene Høgseth og Nina Klemmetvoll, og planfremjar er Fyresdal Plan og Oppmåling ved Kristin Libjå. Plandokumentet er utarbeidd i samsvar med plan og bygningslova. Plankartet er utarbeidd i GEMINI terreng og entreprenør, og kan eksporterast til SOSI format.



BILETE 1: UTSNITT AV REGULERINGSPLANEN


## 2. PLANSTATUS

---

Område er i gjeldande kommuneplan avsett til byggeområde for fritidsbustader, og er ikkje omfatta av ein reguleringsplan. I føresegnene til kommuneplanen står det at det kan gjevast løyve til fortetting gjennom utarbeiding av reguleringsplan for R4. Grimdalen – Hallbjønnsekken.

Denne planen er difor ikkje i strid med gjeldande plan. Dvs. at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Delar av planområdet ligger ved ein feil inne som restriksjonsområde «Område unntatt for rettsvirkning» Dette har kommunen bekrefta er feil, jf. side 7.



FIGUR 2 UTSNITT FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Overordna planar og retningslinjer:

- *Vassdragsvernområdet Åmdalsvassdraget ovanfor Borsæ og Folurdvatn. Området er del av Verneplan I for vassdrag og er dermed omfatta av forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernaede vassdrag.*

### 3. PLANPROSESS

---

Det vart halde eit oppstartsmøte med Tokke kommune 29.05.2020. Varsel om oppstart av planarbeidet vart sendt berørte naboar og offentlege etatar 30.08.2020 Det vart også annonsert i Vest Telemark Blad den 01.09.2020 og Telemarks Avis den 02.09.

Frist for å komme med innspel vart sett til 30 september.

VTFK kom med merknad på at varsel om oppstart av planarbeid ikkje hadde blitt kunngjort på Tokke kommune sine heimesider. Reglane i pbl § 12-8. seier at foresslagstillar alltid skal kunngjere melding om oppstart av planarbeidet i minst ei avis som er alminneleg lest på staden, og gjennom elektroniske medier. Derfor vart melding om varsel om oppstart av planarbeidet kunngjort på Tokke kommune si heimeside den 28 september 2020. Ny frist for innspel vart satt til 12 oktober 2020.

#### 3.1 INNKOMNE INNSPEL

---

Samandrag av innkomene innspel og merknader med forslagsstillars kommentar

- **Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (Fylkesmannen), dater 28.09.2020**

*Miljøavdelinga kom med desse merknadane:*

*Planområdet ligg innanfor vassdragsvernområdet Åmdalsvassdraget ovanfor Borsæ og Folurdvatn, eit restfelt i eit elles sterkt vasskraftutbygga område. Området er del av Verneplan I for vassdrag og er dermed omfatta av forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag. Retningslinja set nasjonale mål, gir konkrete retningslinjer for vassdragsbeltet, klargjer oppfølgingsansvaret og formidlar utfyllande kommentarar. Eit gjennomgåande mål som omfattar alle verna vassdrag er formulert i punkt 3 bokstav a: «Unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø». Detaljreguleringa må leggje desse retningslinjene til grunn og ta nødvendige omsyn til landskap og naturverdiar.*

**Vår kommentar til merknadane:**

Skildra seinare i planomtala under konsekvensar av planområdet.

Planområdet er også svært lite, og vil ikkje redusere verdien for landskapsbilde i eit større perspektiv. Verken VTFK eller me, er kjent med at det er registrert viktige naturverdiar i planområdet.

## Reguleringsplan for Digernes II

### Støy:

*Langs Borsævegen er det gul støysone som rører den delen av planområdet som ligg nærast vegen. Dette må takast med i vurderinga ved plasseringa av nye fritidsbustader. Vi viser til Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016), der det om ny utbygging i støysonene står at «gul sone er en vurderingssone hvor kommunene bør vise varsomhet med å tillate etablering av nye boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager» (s. 10 i retningslinjene). Vidare stiller retningslinjene krav om støyfagleg utgreiing og mildnande tiltak dersom det likevel blir etablert nye bygningar med støyfølsamt bruksformål i gul sone*

### **Vår kommentar til merknadane:**

Delar av tomt H1 vil ligge i gul støysone. Byggegrensa er satt til 25 meter i frå Borsævegen. Nedre del av byggegrensa på tomt H1 vil vere heilt på grensa av det som er kanten av gul støysone. Fordelane med å kunne fortette arealet med tre tomter, i staden for bare to ser planleggar på som større enn ulempene med at tomta så vidt er innafor gul støysone.

### Samfunnstryggleik og beredskap

*Ifølgje plan- og bygningsloven § 4-3 skal alle planar ha ein ROS-analyse som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som betyr noko for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagd utbygging. Vi forventar at oppdatert metodikk og rettleiingsmateriell blir lagt til grunn i arbeidet og viser spesielt til DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging (2017) og tilhøyrande sjekklister. Merk at sjekklister ikkje er uttømmende, og at tema bør sjåast i samanheng med Tokke kommune sin heilskaplege ROS analyse. Planområdet er ikkje spesielt stort, men på generelt grunnlag vil vi minne om at kommunen blant anna skal dimensjonere brann- og redningsberedskap og helseberedskap på grunnlag av risiko og sårbarheitsanalysar. Utbygging av hyttefelt vil kunne føre med seg både eit jamt og eit sesongbasert press på kommunale helse- og omsorgstenester og dessutan kunne auke risikoen for uønskte hendingar. Skogbrannssommaren i 2018 og dagens koronasituasjon er aktuelle hendingar som kan utfordre kommunale brann-, helse- og omsorgstenester. Den bakanforliggjande kapasiteten er derfor ein vesentleg faktor for samfunnstryggleiken i planområdet og bør derfor synest i risiko- og sårbarheitsvurderingane. Dersom vurderingane i ROS-analysen konkluderer med at det må iverksettast tiltak for å avverje skadar og uønskte hendingar, skal desse tiltaka grundig skildrast i ROS-analysen sin analysedel og konklusjon. Må-tiltak (raudt i matrisa) skal vere følgt opp med plantekniske verkemiddel i plankart og føresegn/rekkjefølgjekrav. Ved risiko- og sårbarheitsvurderingar på reguleringsplan- og byggesaksnivå er det viktig at også nærliggjande område blir vurdert, og kommunen bør vurdere å leggje inn ei føresegn for dette.*

### **Vår kommentar til merknadane:**

Sjå ROS analysa.

Omsynet til klima

*Forventa framtidige klimaendringar må vurderast gjennom klimatilpassing av planar for utbygging, sjå Statleg planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2019). Ytterlegare informasjon om korleis kommunen bør ta omsyn til klimaendringar i arealplanlegging er gjeve i DSB sin temarettleiar Klimahjelpere (2015), Klimaprofilen for Telemark (2016) og NVE sitt faktaark 3/2015 Hvordan ta omsyn til klimaendringar i arealplanlegginga. Område som tidlegare vart vurdert som «tryggje», kan nå vere meir utsett for klimarelaterte, uønskte hendingar. Overvasshandtering, flaumfare og erosjonsfare bør derfor vektleggjast både i ROS-analysen og i planarbeidet.*

**Vår kommentar til merknadane:**

Tiltaket vil i mindre grad påverke overvatnet då planforslaget foreslår ein beskjeden utbygging. Alt overvatnet blir håndtert i opne veggrøfter. Planområdet har høg evne til lokal infiltrasjon. Sjå også ROS analysa.

Vatn- og avløp

*I varselet er det ikkje nemnt noko om planlagde løysingar for vatn og avløp. Vi føreset at reglane i del 4 om avløp i forureiningsforskrifta blir følgd i planen. Fritidsbustader skal takast med i berekninga av tettbusetnad og tal på personekvivalentar. Føresegna for planen må sikre at vatn- og avløpsløysing for området ikkje fører til forureining eller at det verna vassdraget eller vassførekomstane blir forringa.*

**Vår kommentar til merknadane:**

Tokke kommune har etter varsel om oppstart av planarbeidet godkjent grunneigarar søknad om utsleppstillatelse.

Denne gjelder kun fire tomter (H2-5). I planen er det forslag om tre nye tomter, totalt. Det blir satt som rekkefølgekrav i føresegnene at søknad om utsleppstillatelse må vere godkjent av kommunen før igangsettelse tillatelse vert gjevt på tomt H1. Ettersom denne ikkje er omfatta av gjeldande tillatelse.

I planområdet er det i dag borebrønn godkjent for fire hytter. Vedlagt ligger drikkevannsprøve av boreholet.

Landskapsverknad

*Vi legg til grunn at landskapsomsynet blir tillagt vekt og at det blir teke sikte på å velje løysingar som i størst mogeleg grad opprettheld det naturlege landskapet. Unødige terrenginngrep og plassering av tomter høgt i terrenget bør unngåast.*

**Vår kommentar til merknadane:**

Skildra i konsekvensar av planområdet på side 20.

## *Reguleringsplan for Digernes II*

To av tomtene i planen blir liggande på det høgaste området innanfor sjølve planområdet. Dei er ein del av ein høgare kolle nord aust for tomtene. Dermed blir ikkje hyttetaka høgare enn terrenget bak dei.

### Naturmangfald

*Fylkesmannen ved miljøavdelinga er ikkje kjent med at det er registrert viktige naturverdiar i planområdet. Vi minner om prinsippa i naturmangfaldslova for forvaltning av naturverdiar, jf. § 7 og §§ 8–12. Omsynet til naturmangfaldet skal vege tungt i vurderinga av kva løysingar som skal veljast.*

### **Vår kommentar til merknadane:**

Omtalt i konsekvensar av planforslaget

- **Vestfold og Telemark fylkeskommune, datert 02.10.2020**

VTFK tok kontakt med Gunhild Austjordet, plansjef i Tokke kommune for å få klarhet i kvifor det ikkje var teke med på oppstartsmøte at dette området i kommunekartet med kommuneplanen sin arealdel var skravert som eit område «unnateken rettsverknad»

### Svaret frå Tokke kommune til Vestfold og Telemark fylkeskommune:

*«Me meiner skravuren med «Unnateke rettsverknad» som ligg i kommunekart med kommuneplanen sin arealdel i Tokke, er feil. Me har sjekka føresegner m.m. og meiner det er ingenting som tilseier at det her er restriksjonsområde. Difor har heller ikkje me teke omsyn til det i referat frå oppstartsmøte (vedlagt). Lengre vest for Hallbjønnsekken låg det tidlegare område som var unnateke rettsverknad pga motsegn i høve til villrein. Det blei avklara i 2006 – 2007. Anna det kan vere er at det på nokre av eigedomane ikring ligg gjeldande reguleringsplanar, med restriksjonsområde «unnatake rettsverknad» - og at det er markert over feil eigedomar.»*

### Svar tilbake frå VTFK:

*«Takk for avklaring. Da legger vi til grunn i vår uttalelse at hensynssonen er en feilregistrering i kart.»*

VTFK hadde også innspel til at varsel om oppstart av planarbeid ikkje var lagt ut på kommunen sine heimesider. Dette blei derfor gjort den 28 september 2020 og ny frist for innspel blei satt til 12 oktober 2020.

Den 2 oktober 2020 kom VTFK med desse innspela:

### Regionale planer Areal- og transportplan for Telemark 2015-2025 ( ATP Telemark):

I den regionale planen står det i retningslinene at «bygging av fritidsbustader skal fortrinnsvis skje ved fortetting i eksisterande område for fritidsbustader og styrke eksisterande sentra og/eller destinasjonar. Ved utbygging skal langsiktige



## *Reguleringsplan for Digernes II*

attraksjonsverdiar og samanhengande grønnstruktur i området sikrast for allmennheten, natur- og kulturmiljø».

Fylkeskommunen syner til at planområde ligg i nærleik til alpinbakken Hallbjønnsekken, og at planforslaget såleis vil være med å styrke Digernes som eit destinasjonsstad. Fortettinga av fritidsbustad synes å være i tråd med ATP Telemark. Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) Heiplanen erstattar Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene (2005). Område ligg i Heiplanens omsynssone bygdeutvikling. I høve til retningslinjene for bygdeutvikling er område innanfor utviklingssona. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at planforslaget strider med overordna plan, eller regionale og nasjonale interesser vi er sett til å ivareta.

### **Vår kommentar til merknadane:**

Det er einigheit om at planforslaget er i tråd med ATP Telemark og Heiplanen.

### Nasjonale forventningar:

Vi syner til «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» som blant anna viser til at vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader for lokal vekst og arbeidsplassar. Fritidsbustader og turistmål med stor besøksfrekvens inneber samtidig utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde. Fortetting av eksisterande fritidsbustadområde gjer mindre press på natur- og friluftsområda. Fylkeskommunen er opptatt av at tiltak som planleggjast ikkje må medføre negative konsekvensar for tilgangen til friluftsområder, eller at tiltaket vil være til hinder for bruk av tilgrensande utmarksområde. Det er viktig at ein legg til rette for eventuelle ny turveger/stiar knytta til planområdet.

### **Vår kommentar til merknadane:**

Planforslaget vil vere med på å gje ein vekst til det lokale reiselivet. Planleggar er einig med VTFK at denne typen fortetting av allereie utbygd område vil gje eit mindre press på natur- og friluftsområda.

### Barn- og unge:

Omsynet til barn og unge er innskjerpast i lovverket og nasjonale retningslinjer, jfr. plan- og bygningsloven §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og unge pkt. 4 og 5 samt forvaltningslova § 17. Sjølv om det ikkje er krav til leikeplassar i samband med hytteutbygging, bør interessene til barn og unge blir utreda. Når det blir lagt opp til tett utbygging er det svært viktig at det blir lagt til rette for gode felles opphaldsareal, møteplassar og areal for leik og utfoldelse. Det vidare planarbeidet må legggje særleg vekt på trafikksikre løysingar.

### **Vår kommentar til merknadane:**

## *Reguleringsplan for Digernes II*

Ettersom det er ei beskjeden utbygging med berre tre nye tomter ser planleggar ikkje det relevant å legge inn leikeplass. Området byr på naturområde som innbyr til leik, mosjon og opphald.

### Vassforvaltning:

Vi minner om Regional plan for vannforvaltning for vannregion Vest-Viken for planperioden 2016- 2021. Vassforvaltningsplanen skal leggest til grunn for regionale myndigheter sin verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jamfør plan- og bygningslova § 8-2 og vassforskrifta § 29.

Vassforvaltningsplanen beskriv påverknader og tilstand i vassmiljøet, samt miljømål og unntak frå miljømål. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassforekomstar skal beskyttast mot forverring , forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassforekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Dersom nye inngrep eller ny aktivitet fører til at økologisk og/eller kjemisk tilstand i vassforekomstar forverrast, eller at miljømål ikkje nås, må vassforskrifta § 12 leggest til grunn ved vedtak. I §12 blir del mellom anna lagt vekt på at alle praktiske moglege tiltak skal settast inn for å minke negativ utvikling i vassførekomstane sin tilstand, og at samfunnsnyttan av eit nytt inngrep skal vere større enn tap av miljøkvalitet.

Planområdet kan få følgjer for vassførekomstar som kan vere i risiko for ikkje å nå miljømålet etter vassforskrifta. Informasjon om tilstand og miljømål for dei enkelte vassforekomstane finnes på: <https://www.vann-nett.no/portal/> Det vises også til rettleier for vassmiljø i arealplanlegging:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/vannmiljo/vannmiljo-i-arealplanlegging/>

### **Vår kommentar til merknadane:**

Kommunen har på forhånd godkjent søknad om utsleppsstillatelse frå 4 fritidsbustadar i forbindelse med denne planen. Ettersom tomt H1 ikkje er omfatta av den godkjente søknaden, må det søkast kommunen om utsleppsstillatelse før det kan byggast på tomt H1. Denne søknaden tek opp om bygging på H1 kan gje risiko for ikkje å nå miljømålet etter vassforskrifta.

### Samferdsel:

Planområdet grenser inntil Borsævegen, fv. 45 og vil få avkøyrslar frå denne. Vi forutset at eksisterande avkøyrslar nyttast og at det ikkje vert etablert nye avkøyrslar. Friskt og fysisk utforming av avkøyrslar må sikrast i planen i samsvar med vegnormalar gitt i Handbok N100 Veg- og gateutforming og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Byggjegrænse mot fylkesvegen bør i planen vera minst 30 meter. Planlagde tiltak på eller i tilknytning til fylkesveg må sikrast gjennomført med rekkefylgjekrav i planens reguleringsfråsegner. Det må setjast krav i reguleringsplanen til at detaljert byggeplan for alle tiltak på eller i tilknytning til fylkesveg skal vere godkjent av Vestfold og Telemark fylkeskommune før det gis igangsettingsløyve.

**Vår kommentar til merknadane:**

Eksisterande avkøyning vil bli nytta som tilkomstveg til planområdet. Friskt og fysisk utforming av avkøyrsel er sikra i planen i samsvar med vegnormalar gitt i Handbok N100 Veg- og gateutforming og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.

Byggegrensa mot Borsævegen er satt til 25 meter. Viss ein skulle sett 30 meter ville ein ikkje kunne bygge på over halvet arealet av tomt nr 1. Fordelane av å kunne fortette arealet med fire tomter, i staden for bare tre ser planleggar på som større enn ulempene.

Ettersom eksisterande avkøyning vil bli brukt, uten å bli endra påser ikkje planleggar grunn til å sette nokre krav i reguleringsplanen til at VTFK skal ha godkjent byggeplan før IG.

Klima og energi:

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging (Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019- 2023). Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-7, kan kommunen fastsette reguleringsføresegn til arealformål og omsynssoner i reguleringsplanar. Fylkeskommunen viser til gjeldande regional klimaplan for Telemark (2019-2026), og oppmodar kommunen som planmyndigheit til å vektlegge følgjande løysningar for å oppnå klimavennlege bygg: høge ambisjonar om tekniske løysningar for klimavennlege bygg med lågt klimagassutslepp. Det inneber energieffektive bygg lagd av materialar med låg miljøbelastning basert på produktet si livsløpsvurdering (tre som bygningsmateriale bør vurderast), samt tilrettelegging for fornybare energiløysingar (som solenergi), sjå plan- og bygningslova § 12-7 punkt 1, jfr. nr. 3. tilrettelegging for forsyning av vatnboren varme, sjå plan- og bygningslova § 12-7 punkt 8 tilrettelegging for ladepunkt for elbilar (og elsyklar). Dette vil mogleggjere meir miljøvennleg transport, sjå plan- og bygningsloven § 12-7 nr. 2, jfr. nr. 4 og nr. 7. regulering av parkeringsdekninga, som å sette krav til eit maks tal på parkeringsplassar, sjå plan- og bygningsloven § 12-7 punkt 7 fossilfrie, utsleppsfrie og avfallsfrie bygg- og anleggsplassar. Det å ta klima- og miljøomsyn ved alle offentlege innkjøp er forankra i regional klimaplan for Telemark Gjennom regional klimaplan for Telemark er det vedteke at klimatilpassing skal vurderast i alle regionale og kommunale planar – også reguleringsplanar. Vidare er det vedteke ein strategi for auka karbonbinding i jord, som inneber å ta særskilt vare på – og unngå omdisponering av myr og gamalskog. Det er derfor tilrådd at tomter i leggast utanfor slike områder.

**Vår kommentar til merknadane:**

Det er satt krav i reguleringsføresegnene at alle bygningar skal vere av tre. I tillegg er det satt krav til at tak skal tekkast med torv eller tre. Utover det er det ikkje sett noko krav til utforming av fritidsbustadene, heller ikkje til energiløysingar.

Automatisk freda kulturminne:

Omsyn til automatisk freda kulturminne.

Arkeologisk registrering.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ikkje kunnskap om tidlegare registrerte, automatisk freda kulturminne i planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet, og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevart. I samsvar med kulturminnelova (kulml) § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg fråsegn til planforslaget. Det er i første rekkje overflateregistrering og prøvestikk med spade etter ikkje synlege automatisk freda kulturminne som er aktuelt. For sikre ein god planprosess, er det ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne vert gjennomført allereie på varselstadiet

Meldeplikt

Vi gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Vestfold og Telemark fylkeskommune er rette mottakar for ei eventuell melding. Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt: Postadresse: Postboks 2844 3702 Skien Besøksadresse: Fylkesbakken 10, Skien Svend Foynsgate 9, Tønsberg Sentralbord: 35 91 70 00 post@vtfk.no Org. no.: 821 227 062 vtfk.no 5 Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet.

Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd). Eventuelle spørsmål kan rettast til arkeolog Anja Nordvik Sætre på telefon 912 40 613 eller anja.nordvik.setre@vtfk.no

#### **Vår kommentar til merknadane:**

Rapport frå arkeologiske undersøkingar ligg som vedlegg til planen. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med planen,

#### Landskap:


Fylkeskommunen minner om omsyn til landskap og påverking blir omtala. Det bør og lagast gode illustrasjonar som syner korleis det er tenkt at fritidsbustadane skal plasserast i landskapet.

#### **Vår kommentar til merknadane:**

Skildra på side 21 i kapitelet om konsekvensar av planforslaget, under Landskap og topografi. Det blir ikkje lagd illustasjonar som syner korleis dei tenkte fritidsbustadane skal sjå ut på dette stadiet.

## 4. PLANOMRÅDET I DAG

Planområdet ligg på Hallbjønnsekken i Tokke kommune. Området er lokalisert på nordsida av fylkesveg 450 midt mellom Dalen i Telemark og Valle i Setesdal. Planområdet utgjør om lag 13 dekar.




BILETE 3: BLÅ RUNDING SYNER LOKALISERINGA AV PLANOMRÅDET PÅ HALLBJØNNSEKKEN.



BILETE 4: BLÅ RUNDING SYNER LOKALISERINGA AV PLANOMRÅDET MED TILKOMST FRÅ FV 450

Planområdet ligg i hovudsak på g/b nr 123/31 som er eigd av Lene Høgseth og Nina Klemmetvold (fig 4).




BILETE 5: EIGEDOM 123/31. TOTALT ER DENNE EIGEDOMMEN 74,9 DAA. KART HENTA FRÅ NIBIO.

Ein liten del av planen omfattar også avkøyringa frå FV 450 som ligg på naboegedommen g/b nr 123/30. Det er Tone Olga Birgitte Berge som er eigar av denne teigen.


Det er eit lite område og utgjer rett i overkant av 13 daa (fig.5).

## Reguleringsplan for Diggernes II



BILETE 6: PLANAVGRENSING. OMRÅDET UTGJER 13127 M2.

Området er allerede utbygd for hytteformål.




BILETE 7: PLANAVGRENSING. OMRÅDET RUNDT ER ALLEREIE UTBYGD.

Frå fylkesveg 450 er det tilkomstveg inn i planområdet (bilde 6). I dag går det ein eksisterande veg inn i planområdet. Den ligg på vestsida av dei to eksisterande hyttene. Ein må køyre inn i tunet på g/b nr 123/328 for å komme fram til g/b nr 123/336. Vegen er bratt og ueigna til bil.

#### 4.1 AVGRENSING

---

I aust går avgrensinga lang eigedomsgrensa til g/b nr 123/76. Vidare nord vest er avgrensinga satt ved ei lita tjønn sørafor g/b nr 123/64. I vest er planområdet avgrensa med eigedomsgrensa til g/b nr 123/30. På g/b nr 123/30 er det teke med avkøyrsla ut på Fv 450. Avgrensinga i sør er eigedomsgrensa til fylkesvegen (fig. 7).



BILETE 8. AVGRENSING AV PLANOMRÅDET MED EIGEDOMSGRENSER.

#### 4.2 STADENS KARAKTER

---

Planområdet grenser til eksisterande hyttetomter på alle kantar, utanom i sør. I sør ligg FV 450 Borsævegen og Førsvatn.

Planområdet har små skogsflekkar inne i eit allereie utbygd område. Det er i hovudsak glissen furuskog med innslag av lauv og grån som veks her. Marka er skrinn og feltsjiktet består av lyng. Botnvegetasjonen består av mose. I fylgje skog og landskap er det uproduktiv skog her.





BILETE 9: FLYFOTO AV OMRÅDET. GLISSEN FURUSKOG.

#### 4.3 NATURMANGFALDET

---

Planområdet er i NiN-systemet under kategorien: Grunne daler i ås- og fjellandskap under skoggrense med bebyggelse/infrastruktur.

Ved søk i naturbase er ikkje området registrert med nokre spesielle naturtypar, utvalde kulturlandskap eller friluftsområder.

Planområdet ligg i Setesdal Austhei Villreinområde, og kjem inn under Heiplanen. Setesdal austhei – Heiplanen vart vedteken i miljøverndepartementet 14.juni 2013. Området er avsatt til sone – bygdeutvikling.

Gjøk (*Cuculus canorus*) har mest truleg leveområdet sitt i planområdet. Den er i naturbase.no registrert fleire stader i nærområdet. Dette er ein raudelista art som er kategorisert til NT – nært trua.

## Reguleringsplan for Digernes II

Også Sivspurv (*Emberiza schoeniclus*) og Blåstrupe (*Luscinia svecica*) er artar som er Nært trua. Begge har enkeltregistreringar nokre kilometer frå planområdet.

Synfaringar vart gjennomført på barmark sommarsesongen 2021.

### 4.4 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

---

I fylgje kulturminnesøk.no er det ikkje funne automatisk freda kulturminner i planområdet.

Summaren 2021 vart det utført arkeologiske undersøkingar av VTFK sin seksjon for kulturarv. Dei fant ingen automatisk freda kulturminne.

### 4.5 FRILUFTSLIV

---

Planområdet ligg innanfor Verneplan for vassdrag: Åmdalsvassdr. Ovf. Borsæ og Foluvatnet. Denne verneplanen vart satt i kraft den 06.04.1973. Området ligg ikkje innafor avstandsgrensa på 100 m frå vassdrag.

Hallbjønnsekken er eit populært friluftsområde. Det er mange hyttefolk og andre turistar som brukar stiane og skiløypene kring planområdet. Stranda langs Førsvatn er også mykje bruka som samlingsplass for grilling og bading. Sjølve planområdet er ikkje kjent som eit bruka friluftareal, då arealet er fragmenterte flekkar tett opp til eksisterande hytter. Det vert heller ikkje utøvd jakt på eigedommen.

## 5. BESKRIVELSE AV PLANFORSLAGET

---

Planforslaget omfattar tre nye høgstandard hyttetomter på omlag 1daa kvar, som vil vere ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt.

Fritidsbustadane skal ha høg sanitær standard.

Medan arbeidet med reguleringsplanen har pågått har kommunen godkjent grunneigars søknad om utsleppsstillatelse for 4 fritidsbustadar i forbindelse med denne planen. Ettersom tomt H1 ikkje er omfatta av den godkjente søknaden, må det søkast kommunen om utsleppsstillatelse før det kan byggast der. Det må i samband med søknad dokumenterast at det ikkje vil komme utslepp som skader naturmiljøet.

Det er i dag grunnvannsbrønnar som er godkjent for fire fritidsbustader.

Hyttene skal koplast på det eksisterande straumnett i området.

---

AREALFORMÅL

---



BILDE 10: UTSNITT AV REGULERINGSPLANEN

I denne planen vert det regulert til:

---

BEBYGELSE OG ANLEGG

---

FRITIDSBUSETNAD - FRITLIGGANDE

Hovudformålet til reguleringsplanen er hyttetomter, og dette formålet utgjør 5616 m<sup>2</sup>.

I føresegnene er det satt maks mønehøgde 6,5 meter.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR:

---

VEG

Dette arealformålet utgjør 1415 m<sup>2</sup> av planen, og er ein privat tilkomstveg til området. Vegen er 189 meter lang og skal dimensjonert etter landbruksvegklasse 2.

Tomtene blir lagt inntil ny veg. Den eksisterande skogsbilvegen vert flytta (sjå figur 3)

Vegen vil komme inn på Fv 450 som har ein ÅDT på 350, 13 % tungtransport. Fartsgrensa på FV 450 på denne strekningen er 80 km/t.



BILDE 11. EKSISTERANDE VEG OG FRATIDIG VEG.

---

OMSYNSSONER

---

SIKRINGSONE

I avkøyringa frå Borsævegen er det satt av 137 m<sup>2</sup> til frisiktsone.



BILDE 12: UTSNITT AV REGULERINGSPLANEN. STIPLA AREAL ER FRISIKTSONE

---

## 6. KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

---

Dette er ei skildring av konsekvensane av planforslaget. Her er moglege konflikhtar og avbøtande tiltak teke med. Det er forsøkt å gjere desse vurderingane verdinøytralt. Eigene argumentasjon for planen står under avsnittet; Forslagsstillar sin faglege grunngevna d.

---

EKSISTERANDE BEBYGELSE

---

Denne planen vil føre til eit tettare bebygd hytteområde ved Digernes. Dei to hyttene som ligg i planområdet i dag vil bli mest påverka av utbygginga. Dei nye tomtene vil ikkje påverke utsynet til dei eksisterande hyttene i dag.

---

LANDSKAP OG TOPOGRAFI

---

Terrenget i planområdet er delvis kupert. Tomtene er plassert med omsyn til landskapet.

Ei utbygging kan føre til ei mindre endring av landskapsforma. Gjennom føresegnene er det sikra at utforminga av tomtene blir gjort slik at ein får ein harmonisk overgang til det opphavlege terrenget. Dette sikrar at inngrepet ikkje vil føre til ei vesentleg endring av landskapsformen.

---

BIOLOGISK MANGFALD

---

Konsekvensane for naturmangfaldet i medhald av naturmangfaldlova er skildra slik:

Naturmangfaldslova §8 Kunnskapsgrunnlaget:

Ut i frå dei nemnde søk og registreringar (Omtale av planområdet, kapittel om naturmangfald), og med tanke på storleiken til planområdet, er kjennskapen til effektane dette tiltaket vil ha på naturmangfaldet tilstrekkeleg.

Naturmangfaldlovas §9 Føre var prinsippet:

Det er vurdert at ingen alvorlege eller irreversible skade på naturmangfaldet vil skje ved fortetting av hyttefeltet og den auka ferdselen.

Naturmangfaldlovas §10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Ei totalvurdering av artane som er av ei stor forvaltningsmessig interesse, Sivspurv, Blåstrupe og Gauk og deira økosystem, er det sannsynleg at belastninga for desse artane i området i sum vil bli liten. Dette fordi Hallbjønnsekken i sin heilheit har vore eit turistmål frå gammalt av, som gradvis har blitt meir og meir utbygd. Rundt sjølve planområdet har utbygginga av hytter skjedd gradvis. Dette gjer eit grunnlag for å sei at tilpassinga til enkelt artar i området har skjedd for lenge sidan.

Naturmangfaldlovas § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Det er ikkje vurdert at tiltaket vil få noko miljøforringing.

Naturmangfaldlovas §12, miljøriktig drift og metodar:

Generelt skal alle nødvendige inngrep utførast med varsemd, likeins drift som skal føregå på området. Som nemnd er det ikkje fare for at planen medverkar til noko skade på naturmiljøet.

Forholdet til villreinen er avklart i regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. I Heiplanen er området avsett til omsynssone bygdeutvikling. Dette temaet er difor ikkje drøfta ytleigare.

## Reguleringsplan for Digernes II

Skogbruket på eigdommen blir i svært liten grad redusert, då arealet som inngår i planen allereie er fragmentert av eksisterande hyttetomter.

Ytlegare konsekvensar og avbøtande tiltak blir teke opp i ROS-analyse.

---

### FRILUFTSLIV

---

Verneplan for vassdrag: Åmdalsvassdr. Ovf. Borsæ og Foluvatnet er ein klasse 1 verneplan. I forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag, står det: *«Inngrep som er til skade for pedagogiske verdier, friluftslivsverdier, herunder fiske og framkommelighet i og langs vannstrengen, eller opplevelsesverdier, bør unngås»*

Tiltaket vil ikkje påverke allmennhetas tilgang til strandsona langs Førsvatn, då heile planen ligg på motsatt side av Borsævegen i forhold til vatnet.

---

### DEN TRAFIKALE SITUASJONEN

---

Planforslaget vil ikkje få konsekvensar for trafikkforholda på Borsævegen. Eksisterande avkøyring vil bli benytta.

---

### TEKNISK INFRASTUKTUR

---

Tokke kommune har etter varsel om oppstart av planarbeidet godkjent grunneigars søknad om utsleppstillatelse.

Denne gjelder kun fire tomter (H2-5). I planen er det forslag om tre nye tomter, totalt. Det blir satt som rekkefølgekrav i føresegnene at søknad om utsleppstillatelse må vere godkjent av kommunen før igangsettelse tillatelse vert gjett på tomt H1. Ettersom denne ikkje er omfatta av gjeldande tillatelse.

---

### BARN OG UNGE

---

Konsekvensane for born og unge er vurdert til å bli særst liten då området allereie er utbygd, og areala som blir berørt av planen ikkje er særsegene eller mykje bruka av denne gruppa.

---

RISIKO OG SÅRBARHET

---

ROS-analyse identifiserer ei potensiell hending:

- Skog og lyngbrannfare

Den potensielle hendinga som det er knytt risiko til, kan minimerast gjennom risikoreducerande tiltak i reguleringsplanføresegnene.

---

FORSLAGSTILLAR SIN FAGLEGE GRUNNGJEVNAD

---

Denne planen tilrettelegg for ei fortetting av eit eksisterande hyttefelt. I den store samanhengen fører fortetting til ei betre utnytting av allereie bebygd areal, og eit mindre press på «urørte» områder. Det er også positivt at planforslaget med sine fire tomter, saman med dei to omkringliggende tomtene, utgjør eit forholdsvis lite område. Noko som gjer at det ikkje blir lang avstand til friluftsområde.